


Austrheim kommune- rådmann

Budsjett 2017

Endringer etter vedtak i formannskap 24.11.16

Rådmannsgruppa



1. Samanlikning driftsbudsjettet formannskap - rådmann

Avdeling	F-skap	Rådmann	Endring
Rådmann	17 000	17 336	-336
Politisk styring og kontroll	3 455	3 455	0
Servicekontor	4 154	4 154	0
Administrasjon undervisning	2 258	2 458	-200
PPT og Barnevern	7 277	7 277	0
Årås skule	24 191	24 441	-250
Kaland skule	13 280	13 280	0
Austrheim Kystbarnehage	13 250	13 500	-250
Kaland barnehage	9 436	9 552	-116
Kulturskule	1 769	1 833	-64
Bibliotek	1 548	1 588	-40
Anna kultur	2 000	2 423	-423
Arbeidssenter	1200	1 200	0
Administrasjon helse og sosial	927	927	0
Helseteneste	12 671	12 671	0
Sosiale tenester	7 500	7 987	-487
Nordliheimen	22 609	22 609	0
Kjøkken/vaskeri	3 660	3 660	0
Heimeteneste 1	10 833	11 018	-185
Heimeteneste 2	8 783	8 783	0
Plan, byggsak, miljø	2 237	2 287	-50
Interkommunal landbruk	725	725	0
Tekniske tenester	-1 839	-1 498	-341
Eigedomsavdeling	8 071	9 097	-1 026
Reinhald	5 823	5 968	-145
Tilleggsøyvingar politisk	300	600	-300
Tilleggsøyvingar rådmann	500	775	-275
Andre overordna utgifter/inntekter	-2 019	-2 019	0
Totale kostnader	181 599	186 087	-4 488
Overskot	- 6 588	- 1 100	0
Til fordeling drift	188 187	187 362	825
Ansvar fond 200		-175	
- Totale kostnader	181 599	186 087	-4 488
Driftsoverskot	6 588	1 275	-5 313

2. Tekstdelen i formannskapet sitt budsjettvedtak.

Framlegget baserer seg på å vidareføra drifta på nivå med siste halvdel av 2016. Det er lagt inn ein kostnadsauke på 2,7% på dei fleste avdelingane, dette er 0,2% meir enn det regjeringa har lagt til grunn i statsbudsjettet. På driftssida må me vera svært nøysame i 2017, men dersom me klarar oss med eit budsjett som vist under, har me lagt eit godt grunnlag for ei sunn og god økonomisk drift i resten av økonomiplanperioden.

Akkumulert underskot som må dekkast inn i 2016 og 2017 er på kr: 8 248 000,-. Det er budsjettert med eit overskot i 2016 på kr 500 000,-. Dette betyr at det i 2017 må dekkast inn kr 7 748 000,-, me manglar altså kr 1 160 000,- med vårt budsjettforslag for 2017. Rådmannen får i oppdrag å finna inndecking for dette når resultatet for 2016 er klart. Rådmannen må vurdere om det kan skaffast andre inntekter som kan nyttast i driftsbudsjettet.

Det kan hentast inn nokre kroner på inntektssida ved at ein aukar foreldrebetalinga i barnehagane og kostnadane knytt til vassavtalen med Lindås skal reduserast i 2017, noko som vil gje ekstraintekter på vassverket.

3. Formannskapet sine kommentarar til driftsbudsjettet for 2017.

- Dagens driftsnivå vert vidareført i 2017.
- Alle stillingar som i dag er vakante vert halde vakante .
- Det vert gitt kompensasjon for ordinær løns- og prisvekstvekst (2,7%).
- Delar av tilskotet til flyktningar vert nytta til å kompensera for ekstrakostnader/stillingar på Årås skule og på helsestasjonen.
- Det er trong for ei 20% stilling knytt opp mot helsesøster for IP (Individuell plan).
- Ein må vurdere å nytta helsekoordinator og ungdomskoordinator til å dekke IP og skulefagleg kompetanse i rådmannsstaben, samt andre administrative oppgåver.
- Leiar PLOMS treng sekretærhjelp, dette kan ein løysa ved å utvida stillingane i service-kontoret og på Årås skule til 100%-stillingar, dette er ikkje løyst i budsjettforslaget.
- Det er trong for to helsesøstre i 100 % stillingar, dette er ikkje løyst i budsjettforslaget.
- Me har lagt opp til eit relativt stort investeringsnivå i 2017 og det kan difor vera rom for å skyva fleire månadsverk over frå drift til investering.

4. Rådmannen si oppgåve fram til kommunestyret 15.12.

1. Skrive konsekvensutgøring på formannskapet sitt framlegg.
 - a. Kva betyr endringa i di avdeling?
 - b. Har di avdeling fleire innsparingstiltak?
 - c. Er det fleire inntekter i ditt budsjett?
 - d. Andre moment for ny ramme i di avdeling

Avdelingsleiarane vert beden om å skrive vurdering. Rådmannen utformar endeleg saksframstilling til kommunestyret basert på dette.

5. Kommentar til arbeid med budsjett/rekneskap i 2017

Etter vedtaket, ser budsjettbalansen slik ut:

Akkumulert underskot	8 248 000
Overskot i driftsbudsjett 2017	6 588 000
Behov for ekstra midlar	1 660 000
Stipulert overskot 2016	500 000
	0

Formannskapet gjev uttrykk for at dei vil vere tett på og sjå korleis 2017 utviklar seg. Dei var villig til å endra rammer dersom utviklinga i 2017 tilseier det. Her er det tenkt eventuelle endringar mellom ansvarsområda. Vi oppfatta politikarane som villige til å lytta til rådmann dersom ting blir vanskeleg.

Viktige rutinar

- Dersom ekstra inntekter dukkar opp, bør vi raskt kunne få dei plassert.
- I 2017 er det viktig at vi held kontroll med kvar vi fører flyktningemidlane som skal dekke bestemte kostnader.
- Tilskot som skal tilfalle bestemte ansvarsområde, må overførast til rett avdeling raskt.
- Kjem det andre tilskot/refusjonar som driftsmidlar, vert desse inntektsført fortløpande.
- Utgifter som skal balastast investeringsprosjekta må førast fortløpande.
- Økonomi lagar rutinar for dette og formidlar det til dei med økonomiansvar.

6. Investeringsbudsjett formannskap - rådmann

Tiltak	Formannskap	Rådmann	Skilnad F-R
IKT	500 000		-200 000
IKT - Austrheim		150 000	
IKT - regionen		400 000	
IKT skular		150 000	
Kartlegging	100 000	100 000	0
Byggutbetring	400 000	500 000	-100 000
Asfaltering	500 000	500 000	0
Trafikksikring etter plan	400 000	500 000	-100 000
Diverse anleggsbidrag	1 000 000	0	1 000 000
Kaiar i Austrheim 4)	0	0	0
Prosjekt breidband 5)	0	0	0
Rehabilitering skule og idrettsanlegg Kaland	4 000 000	2 000 000	2 000 000
Nytt golvbelegg Årås skule	300 000	500 000	-200 000
Uteområde Årås skule	200 000	300 000	-100 000
Eigendel uteområde tiltenkt Court Yard Kaland	0	300 000	-300 000
Ekstra IKT-investering skular 3)	400 000	400 000	0
Oppgradering Kaland Barnehage	2 000 000	1 000 000	1 000 000
Oppgradering av garderobe Nordliheimen + lager	1 100 000	0	600 000
Lager Nordliheimen	0	300 000	-300 000
Garderobe Nordliheimen	0	200 000	-200 000
Omsorgsbustadar Kaland 6)	5 000 000	1 000 000	4 000 000
Auka akseltrykket til 10 tonn på Tresviksvegen + ein ekstra fartsdump	200 000	0	200 000
Utbygging VA 2)	3 600 000	2 000 000	1 600 000
Investeringstilskot Austrheim Sokn til brannvarslingsanlegg i kyrkja, toalett, vaskerom og universell utforma tilkomst til kyrkjelydshuset.	660 000	400 000	260 000
Ny kommunal minibuss	300 000	400 000	-100 000
Utstyr legekantor, ultralyd og vekt	225 000	200 000	25 000
Ny ambulansestasjon 6)	4 000 000	0	4 000 000
Ny sentral for tryggleiksalarmer på Nordliheimen	1 000 000	0	1 000 000
Startlån	0	500 000	-500 000
Ekstra vedlikehald - statleg tilskot		1 542 000	
Totalt etter budsjett og økonomiplan	25 885 000	13 342 000	
Lånefinansiert	20 000 000	000	
Sal av kommunale eigedommar 1)	5 885 000	11 000	

7. Formannskapet sine kommentarer til investeringsbudsjettet

Tala viser til tal i tabellen ovanfor.

- 1) Områda ved Merkesåa og på sør-vestsida av Kalandsfeltet kan seljast til private utbyggjarar når kommunen har regulert desse. Desse tomtane vil vera svært attraktive og lett omsettelege. Tomtar (128/68) i Mongstad-krysset kan også seljast og desse vil truleg gje rundt 8 millionar kroner i salsinntekt. Spørsmålet er om det er rett å selja desse no, eller om ein kan få betre prisar i framtida.
- 2) Anleggbidrag Mongstad-krysset, vatn Vardetangen – Utkilen og pumpestasjon på Leikvoll.
- 3) To-års prosjekt. Skal mellom anna nyttast til kjøp av «smartboards» til alle klasserom.
- 4) Denne posten er sett til null inntil avsette midlar på 1,4 millionar er brukt opp. På grunn av at kommunen eig mange kaiar som bør haldast i hevd, må denne posten inn att på budsjettet i 2018 eller 2019.
- 5) Kommunen vil i denne omgang ikkje byggja ut andre områder enn dei som er dekkja av statlege midlar.
- 6) Desse prosjekta vil i praksis vera sjølvfinansierande. Investeringstilskot og husleige vil dekkja avdrag og renter.

8. Formannskapet si ynskjeliste for bruk av ekstraordinære vedlikehaldsmidlar.

- Utsifting av roten kledning og utvendig vask av veggjar på Nordliheimen.
- Utsifting av kledning og maling av diverse kommunale utleigebygg.
- Maling av fasaden på Kaland 1.
- Utsifting av glas på heimkunnskapsrommet på Kaland 1.
- Reparasjon av turstiar.
- Diverse reparasjonar på Rongevær Kurs og Fritidssenter.
- Opparbeiding av gangveg frå busstoppet ved Kvile og Sankt Jørgensveg til veg til Åråsvågen, samt asfaltering av vegen ned til Åråsvågen.
- Rydding av gangvegar i Kalandsområdet.

9. Rådmannen si oppgåve med vedlikehaldsmidlane.

Lage endelegg liste over kva prosjekt midlane skal nyttast til. Lage «pakkar» med ulike typer arbeid som kan utførast av lokale handverkarar. NB. Viktig med nye reglar for offentlege anbud. Noko kan utførast av «Grønt arbeid,» noko kjøper vi inn tenester på.

10 . Konklusjon

2017 vert eit år med stramme budsjett, det betingar skarpt fokus på budsjetta. Samstundes må vi klare å halda fokus på utviklingsoppgåvene og drifta i avdelingane.

Lukke til i 2017.